

# Møteinkalling

---

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

**Møtested:** Scandic Gardermoen

**Dato:** 08.03.2017

**Tidspunkt:** 08:30

---

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 947 89 126 (Magnus). Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Det er bestilt fellesmiddag til dei som kjem til hotellet dagen før (7 personar kl.1930) og overnatting (8 personar). Møte varer heile dagen, men avsluttast slik at ein kan reise heim på ettermiddagen. Overnatting og fellesmåltid vert ført på fellesrekning.

Møteplan (vegleiande):

- 0830: Oppstart styremøte med styresaker
- 0900: Informasjon om prosjekt Vettifossen av arkitekt Håkon Aasarød
- 0945: Kaffi
- 1000: Held fram med styresaker
- 1100: Forvaltningsplan – gjennomgang og diskusjon om tema
- 1300: Lunsj
- 1345: Held fram med forvaltningsplan
- 1500: Avslutning

Utkast til forvaltningsplan med oppsummering vert ettersendt.

Me ventar på tildelinga av midlar til drift og tiltak nå i desse dagar. Dersom dei kjem, vert dette ettersendt så fort som råd og lagt fram for styret.

Vel møtt!

Magnus



## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 9/2017	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 10/2017	Referatsaker		
RS	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Årsmelding 2016	2017/206	
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Utladalen landskapsvernområde - Årsrapport 2016 - Kulturminner i Oppland	2016/1289	
ST 11/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2017 - Oppføring av gjeterhytte i Russdalen - Gnr. 187 bnr. 1 - Russdalen Beitelag	2016/8595	
ST 12/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Bruk av drone til filming av Gutta på tur - Parkas Production AS	2017/1425	
ST 13/2017	Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Dronefilming i Hurrungane - Field Productions	2017/1505	
ST 14/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017-2020 - Stikking av vinterløype Memurubu - Leirvassbu - Leirvassbu Fjellstue og Memurubu turisthytte	2016/7976	
ST 15/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Til Topps 2017 - Tur mot Galdhøpiggen - Norges Røde kors m.fl.	2017/805	
ST 16/2017	Eventuelt		

ST 10/2017 Referatsaker

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Årsmelding 2016 2017/206

Jotunheimen nasjonalpark - Utladalen landskapsvernområde - Årsrapport

2016 - Kulturminner i Oppland 2016/1289

Arkivsaksnr: 2016/8595-4

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 20.02.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	11/2017	08.03.2017

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2017 - Oppføring av  
gjetarhytte i Russdalen - Gnr. 187 bnr. 1 - Russdalen Beitelag****Forvaltar si innstilling**

Russdalen Beitelag får med heimel i § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, jf. naturmangfaldlova § 48, dispensasjon for oppføring av ei gjetarhytta for å lette arbeidet med tilsyn av beitedyr i området.

**Vilkår:**

1. Gjetarhytta skal plasserast sentralt i Russdalen. Detaljert plassering blir avgjort ved synfaring, der ein av forvaltarane kan representere nasjonalparkforvaltninga.
2. Arealet på gjetarhytta er ifølgje tilsende teikningar ca. 15 m<sup>2</sup>.
3. Gjetarhytta skal utformast i tråd med tradisjonell byggeskikk, med farge og materialval for at ho skal gå mest mogleg i eitt med landskapet - jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 siste ledd. Fargen skal vera naturfarge i den mørke og varme delen av fargeskalaen, og takplater skal ha matt overflate
4. Russdalen Beitelag er ansvarleg for vedlikehald og drift av gjeterhytta. Dersom drifta blir avvikla eller lagt om slik at det ikkje lenger er behov for gjeting, skal beitelaget demontere og fjerne alle spor av hytta – jf. vilkår i standardskjema for utvisingsforretning for gjeterbu frå Statskog.
5. Dersom spørsmål om bruksendring likevel skulle koma opp, vil dette krevje ei ny og sjølvstendig vurdering av løyve etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.3. i).
6. Etter bygging skal eventuelle bygningsmaterialar som er til overs ryddast og transporterast bort frå området, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 7.1.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrift. Frådeling og bygging krev også løyve frå Vågå kommune som myndighet etter plan- og bygningslova.

Det må og søkjast om dispensasjon for eventuell motorisert transport i samband med byggeprosessen.

## Saksopplysningar

### Saksdokument

- Søknad av 20.12.16 frå Russdalén Beitelag om oppføring av ny gjetarhytte ved Blåtjønnåe i Russdalén, oversendt ved e-post av 30.12.16 frå Statskog
- Tiltråding frå Vågå fjellstyre, sak 5/2017, sendt ved e-post av 10.02.17

Russdalén beitelag søker om oppføring av ny gjetarhytte i Russdalén.

Utdrag av søknaden:


«I Russdalén beitelag slipper vi ca. 1.600 sau og lam på beite kvar sommar. Vi har tilsett gjetar heile beitesesongen. Beiteområdet er svært stort og det er svært krevjande å kunne føre tilsyn over alle dyra. Heile beiteområdet er 18 km langt og har eit areal på om lag 100 km<sup>2</sup>.


Det seier seg sjølv at det er uråd å kunne dekke heile området på ein dag. I dag nyttar vi gjetarhytta 1,5 km aust for Russvatnet. Den ligg 14 km frå vestgrensa av beiteområdet og 4km frå austgrensa. Dvs. at det er langt vestover/innover i beiteområdet frå denne hytta.

Skal ein komme over heile området i dag, blir det for dårlig tid til å føre eit skikkeleg tilsyn, det blir mest å skunde seg frå ein ende til den andre. I fjar prøvde vi å nytte lavvo lenger inn i beiteområdet slik at det skulle vere råd å dekke området på ein god måte. Lavvoen vart plassert ved Blåtjønnåe, men den blåste ned i løpet av beitesesongen. Det er lite aktuelt å prøve dette på nytt.

For å ha eit best mogleg tilsyn ønsker vi no å sette opp ei gjetarhytte ved Blåtjønnåe. Denne plasseringa er sentral i beiteområdet og vil gjøre at gjetaren kan utføre tilsynet på ein betre måte enn i dag. Beiteressursane i Russdalén er verdifulle og det er svært gode beiter innerst i beiteområdet vårt, noko vi ser m.a. på slaktevektene på lamma. Det er difor viktig for oss å kunne nytte heile beiteområdet og kunne ha eit godt tilsyn med dyra i beitesesongen. Gjeterhytte ved Blåtjønnåa vil gjøre dette mykje enklare. Vi har sett for oss ei hytte på ca. 15 m<sup>2</sup>.»

Vedlagt søknaden følgjer kart med ønskt plassering og byggjeteikning av hytta.





Statskog skriv m.a. i e-posten:

«Jmf. seterforskriften § 5 er det fjellstyret som viser ut rett til gjeterhytter etter at Statskog har gitt uttale. Området ved Blåtjønnåe ligger i nasjonalpark og en ev. utvisning av tomt må godkjennes av vernemyndigheten. Videre må det søkes kommunen om fradeling og opprettning av punktfeste for tomt til gjeterhytta. Søker må dekke alle kostnader i den forbindelse. For øvrig har ikke Statskog innvendinger til at det kan vises ut tomt for gjeterhytte slik det er søkt om. Vi forutsetter at videre behandling foretas av fjellstyret og vernemyndigheten. Om utvisning foretas og godkjennes av vernemyndigheten vil vi som grunneier søke kommunen om fradeling av punktfeste.»

Fjellstyret har i møte 8. februar gjort slik vedtak:

«I medhald av § 5 i Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenningane, får Russdalen beiteland løyve til å setje opp ei gjetarhytte på ca. 15 m<sup>2</sup> aust for Blåtjønnåe slik som omsøkt. Fjellstyret set som vilkår at endeleig plass for tomt må skje på ei synfaring, der aktuelle instansar deltek. Dersom gjetarhytta blir bygd og det viser seg ein gong i framtida at det ikkje vil vera behov for bua lenger, så skal bua rivast. Det blir elles vist til vilkår i Statskog sitt standardskjema i utvisingsforretning gjetarbu. Sidan planlagt tomt ligg innanfor nasjonalparken må det også innhentast løyve frå nasjonalparkstyret, samt byggjeløyve frå kommunen.»

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen NP, revidert 14.11.14
- Naturmangfaldlova
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)

Verneforskrifta for nasjonalparken har i utgangspunktet forbod mot nye byggverk.

Forskrifta har ikkje spesifisert unntaksregel for nybygg til landbruksformål på lokalitetar der det ikkje er noko husvære frå før, og søknaden må derfor behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering § 48 i naturmangfaldlova. § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for

dispensasjon berre dersom tiltaket «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra elles kan vera oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjevne i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller heilt spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Det kan synast som ein glipp under revisjonen av forskrifta at ikkje nødvendige tiltak knytt til landsbruksverksemder nemnd som tiltak forvaltningsstyretemakta *kan* gje løyve til, på linje med nybygg for reiselivet, jf. dei opplista tiltaka i forskrifta § 3 pkt. 1.3.

Generelt for bygg gjev forskrifta § 3 pkt. 1.3. siste ledd følgjande føringar:  
«*Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.*»

### Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er «*å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som innehold særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.*

---  
*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- -----

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

### Forvaltningsplan og overordna føringar elles

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 blir brukt som rettleiande dokument, inntil revidert plan ligg føre. Utkastet har følgjande retningslinjer i kap. 8.1 – Landbruk:

«*Landbrukstiltak som fremjar verneformålet, m.a. ivaretaking av kulturlandskapet, vil få positiv handsaming. Nye konstruksjonar i samband med landbruksdrift vil bli vurdert i kvart enkelt høve. Løyve til nye byggverk i område der det ikkje er slike frå før vil som hovudregel ikkje bli gjeve.*»

Dei store avstandane i beiteområdet viser behov for ei gjetarbu lenger inn i Russdalen. Behandlinga i fjellstyret stadfestar at behovet blir vurdert å vera til stades, og nasjonalparkstyret må vurdere om tiltaket kan vera i strid med verneformålet eller gå ut over verneverdiene – jf. § 48 i naturmangfaldlova. Ei lita bu utforma i tråd med føringar gjevne i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 vil ikkje visast som noko skjemmande element i landskapet. Det er to buer inne ved Russvatnet frå før; ei på Sundodden som tilhøyrer eigaren av Russvatnet, og bua til Lom Tamreinlag som vart erstatta av ny hytte i fjar. Bua kan synast litt høg i høve til grunnflata, men dette forholdet kan eventuelt drøftast nærmare ved synfaring, og til slutt vurderast av Vågå kommune som byggemyndigkeit.

Det må setjast vilkår om at bua må fjernast dersom beitelaget blir oppløyst og/eller det ikkje vil vera behov for bua lenger. Dette går også fram av vilkår i standardskjema til Statskog (utvisingsforretning gjetarbu). Dersom spørsmål om bruksendring likevel skulle koma opp, vil dette krevje ei ny og sjølvstendig vurdering av løyve etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.3. i.).

Med heimel i forskrifta § 3 pkt. 7.1 – *Forbod mot ureining* – må det stillast krav om rydding av byggeplassen i samband med ferdigstilling av gjetarhytta.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- § 8 Kunnskapsgrunnlaget:  
Det er relativt god kunnskap om området, og saka gjeld ei ny hytte i eit område med noko ferdsel via merka turruter. Tiltaket vil ikkje skape auka aktivitet ut over sjølve byggeprosessen, og vil ikkje gje negative konsekvensar for naturmangfaldet.
- § 9 Føre-var prinsippet:  
Ein kan ikkje sjå at dette vil gje vesentleg belastning på naturmiljøet.
- § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:  
Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til nybygg, og grunneigar og fjellstyre set strenge føringar for tiltaket. Ein kan ikkje sjå at det vil koma fleire liknande saker som gjev stor samla belastning, da tiltaket berre er knytt til eksisterande landbruksdrift, og har krav om fjerning dersom bruken opphører.
- § 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar:  
Spørsmålet vert vurdert ikkje relevant.
- § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:  
Ein kjem attende til dette spørsmålet ved eventuell søknad om motorisert transport i samband med gjennomføring av tiltaket.

Søknaden skal også behandlast av kommunen, som forvaltningsstyremakt etter plan- og bygningslova.

Arkivsaksnr: 2017/1425-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 27.02.2017

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	12/2017	08.03.2017

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2017 - Bruk av drone til filming av Gutta på tur - Parkas Production AS**

### **Forvaltar si innstilling**

Med heimel i § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og naturmangfaldlovas § 48, jf. § 77, gjev Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen dispensasjon for bruk av drone til Parkas Production AS for filmopptak av «Gutta på tur», i tråd med søknad av 22.02.17 frå Parkas Production AS.

Dispensasjonen gjeld for inntil 7 dagar i tidsrommet april/mai 2017 med følgjande vilkår:

1. Området er avgrensa til området rundt Galdhøpiggen
2. Flyging nær dyr, hekkeplasser og hi-lokalitetar skal unngås.
3. Det skal haldast avstand til eventuelle turfolk som er i området og flyging skal av omsyn til friluftslivet helst skje på vekedagar og ikkje i helger.
4. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding seinast dagen før kvar flyging via e-post ([rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)) eller melding til mobilnummer 959 65 158.
5. Dersom det oppstår forhold som gjer det nødvendig å justere opptaksområde og/eller tidsrom, må spørsmålet diskuterast med nasjonalparkforvaltar i god tid før flyging.

Nasjonalparkforvaltninga skal ha ein kortfatta rapport/e-post om opptaksområde og samla omfang av flyging ved avslutning av opptaksperioden.

### **Saksopplysningar**

Saksdokument:

- Søknad ved e-post 22.02.17 frå Parkas Production AS

Parkas Production AS søker om å få bruke drone med filmkamera i Jotunheimen i samband med filming av «Gutta på tur». Oppdrag er planlagt Galdhøpiggen-området i mai 2017. I søknaden er det gjort nærmere greie for oppdraget:

«Vi er i gang med en ny sesong av "Gutta på Tur" med Bjørn Dæhlie, Vegard Ulvang, Arne Hjeltnes og Arne Brimi og i den annledning skal vi i et program bestige Galdhøpiggen med Petter Northug. I den anledning ønsker vi å benytte en drone for å få spektakulære bilder av gutta på vei opp norges høyeste fjell.

Parkas Production AS (operatørnummer NO.RPAS.0218) er et produksjonsselskap som jobber primært med Tv.

Dronen vi kommer til å benytte er en quadcopter i mellomklasse størrelse.

"Gutta på tur" er et norsk reise og kokkeprogram. Det ble produsert 50 programmer mellom 1995 og 2002. Tv2 feirer 25 år i år og med det skal vi produsere 4 programmer som skal sendes til høsten.

Opptaksperioden ser forløpig ut til å bli 2-7 mai men mulig det blir noe før eller etter da været er en stor spiller her.»

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

### Forskrift og lovverk

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikke rekna inn, da den lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. Dersom tiltaket fell inn under andre delar av verneforskrifta enn motorferdsel kan det likevel trenge særskild løyve eller dispensasjon.

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken. Det er rimeleg å tolke at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikke spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vere oppfylt. Unntak kan også vurderast «dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig». Dispensasjon må heller ikke gjevest om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikke brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerhetsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikke vart vurdert på vernetidspunktet.

### Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er

«å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneholder særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- - - -

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, så denne typen luftfartøy er ikkje omtala i dokumentet frå 2008.

### Tiltaket vurdert i høve til verneformål og miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova

Dette er ein ny sakstype, og det er lite presedens frå andre område å støtte seg på. Det er siste par åra behandla ein del slike saker i norske nasjonalparkar, og fleire er innvilga, men med visse avgrensingar av område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv.

Fleire søknadar om bruk av drone for kommersiell filming i sårbare område som t.d. Hurrungane har fått avslag. Nasjonalparkstyret har på den andre sida innvilga nokre løyve til bruk av drone for filming i samband med marknadsføring av meir robuste delar av verneområdet. Galdhøpiggen er blant dei store turistmåla i nasjonalparken, og området ligg innan såkalla «brukszone» i gjeldande forvaltningsplan frå 1998:

*Teig 7: Galdhøpiggsområdet. Om desse sonene står m.a.:*

*«Det er store naturkvalitetar i områda med brukszone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*

For bevaring av verneverdiene i eit langsiktig perspektiv må ein uansett ta ei overordna vurdering av samla påverknad, og ikkje berre å gje mange isolerte enkeltløyve som kan skape presedens for påfølgjande søknader. Det er frå nasjonale styresmakter gjeve føringar om bruk av nasjonalparkane for auka verdiskaping, og profesjonell marknadsføring av robuste område som toler bruk synest å vera i tråd med føringane.

Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt som oppheld seg i området, vil bruk av drone truleg ha relativt liten direkte innverknad på dei biologiske verneverdiene. Indirekte vil likevel filmoptak som promoterer sårbare område overfor nye brukarar kunne gje negativ effekt ved at sårbare viltartar blir utsett for forstyrringar i form av auka ferdsel og aktivitet gjennom stadig større delar av året. I dette tilfellet er ikkje det planlagde opptaksområde blant dei mest sårbare i høve til dyreliv.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Turistmålet Galdhøpiggen har svært mange besökande, og forventninga om å vera åleine i urørt natur er nok ikkje like sterkt til stades her som i lite trafikkerte område. Det er likevel svært viktig å vise respekt for andre som ferdast i fjellet, og unngå nærføring eller filming av

privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand. Jf. *Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv.* (Samferdselsdepartementet 2015-11-30)

Tiltaket må også vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i området Galdhøpiggen, men ein manglar kunnskap når det gjeld bruk av dronar (RPA) og eventuelle effektar av bruken. Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) er det alltid viktig å unngå nærføring til hekkelokalitetar for rovfugl eller vilt som måtte finnast i området. Forvaltninga har bra oversikt på hekkelokalitetar for sårbare rovfuglar i austre del av Jotunheimen, og filming av turen frå Juvvasshytta til Galdhøpiggen kjem ikkje i konflikt med desse. Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) er det likevel viktig å følgje utviklinga, og ta opp temaet ved revisjon av forvaltningsplanen. Bruken av dronar for filming i nasjonalparken bør avgrensast til tiltak av ei viss allmenn interesse, og kan ikkje gjevast for reint private tiltak som skaper uheldig presedens ved at ein må vente svært mange liknande søknader til same formål. Tiltaket medfører ikkje miljøforringing, og nml § 11 blir såleis vurdert som relevant. § 12 gjev føringar om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*». Bruk av drone er mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel i tilfelle der filming blir vurdert å vera av stor nytteverdi, slik at drone vil vera beste tekniske hjelpemiddel dersom vilkår for å gje løyve elles er til stades.

## Konklusjon

Ut ifrå ei samla vurdering kan ein innan dette området tilrå dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sitt forbod mot bruk av modellfly og liknande. Filming i dette området vil ikkje vera i strid med verneformålet, eller gå ut over verneverdiane, jf. krava i naturmangfaldlovas § 48. TV-programmet «Gutta på tur» er i stor grad med og formidlar turglede og det enkle friluftslivet. Det må setjast vilkår om at filmen ikkje set fokus på dei tekniske hjelpemidla som drone el.l., men berre viser sjølve turen. Aktørane i programmet har stor marknadsføringsverdi, og dette kan vera positivt for det naturbaserte reiselivet i området.

Det vil bli arbeidd vidare med spørsmålet om bruk av dronar i nasjonalparken gjennom utforming av forvaltningsplanen, som nå er under revisjon.

Arkivsaksnr: 2017/1505-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 02.03.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	13/2017	08.03.2017

## Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Dronefilming i Hurrungane - Field Productions

### Forvaltar si innstilling

Etter §3 pkt. 7.2 er det forbod mot flyging av drone i Jotunheimen nasjonalpark. Det vert ikkje gjeve dispensasjon frå forbodet etter §4. Søknaden er avslått.

Ut ifrå ei vurdering av presedens og samla miljøbelastning kan ein ikkje tilrå dispensasjon for filming som ikkje har direkte tilknyting til området. Generell landskapsfilming kan føregå utanfor verneområde.

### Saksopplysningar

#### Dokument i saka:

- Søknad ved e-post 28.02.17 frå Field Productions AS

Field Productions AS søker om å få bruke drone til filming av fjellområda Hurrungane i Jotunheimen nasjonalpark våren 2017. I søknaden er det gjort nærmere greie for oppdraget:

«I samarbeid med Seefood TV AS, skal vi filme kulissene og bakteppe til handlingen i en ny norsk tv-serie. Denne tv-serien utspiller seg på et hotell som ligger godt gjemt og eksponert til, i den norske fjellheimen. Hotellet og handlingen rundt dette vil bli animert ved hjelp av visuelle effekter, så vår oppgave er å filme fjellområdet som skal brukes som kulisse.

Vi ønsker å benytte oss av Drone til filmingen for og få de unike og spesielle bildene av Norsk natur, samt å kunne benytte det beste og mest moderne av filmutstyr.»

Det vert søkt om flyging på 1 dag i inntil 2 timer i perioden 24.april – 24.mai i år. Det er vestre del av Hurrungane med Soleiebotntindane og Austabotntindane som har spesiell fokus. Søkjær er kjent med villreinproblematikken og understreker at det berre er snakk om 1 filmdag.

#### *Søknaden blir vurdert etter:*

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

#### Forskrift og lovverk

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikkje rekna inn, da den lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. Tiltaket vert derfor ikkje omfatta av restriksjonane i verneforskriftene knytt til motorferdsel.

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «*modellfly og liknande*» i nasjonalparken. Det er rimeleg å tolke at «*og liknande*» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vere oppfylt. Unntak kan også vurderast «*dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*».

Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

#### Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er  
«*å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som innehold særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *- - -*

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

#### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «*modellfly og liknande*» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, så denne typen luftfartøy er ikkje omtala i dokumentet frå 2008.

## Vurdering

Dette er ein ny sakstype, og det er lite presedens frå andre område å støtte seg på. I utgangspunktet er bruk av drone forbode, men bruk av drone kan også vere eit betre tiltak enn alternativ som det tidlegare har blitt gjeve løyve til, t.d. bruk av drone til filming i staden for helikopter. Søknadar om bruk av drone er derfor vurdert etter om det hadde kunne blitt gjeve løyve til ordinær motorferdsel i samband med tiltaket i Jotunheimen nasjonalpark.

Det er siste par åra behandla ein del slike saker i norske nasjonalparkar, og fleire er innvilga, men med visse avgrensingar av område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv. Det er også gjeve løyve til filming knytt til marknadsføring av verneområdet. Fleire søknadar om bruk av drone for kommersiell filming i sårbare område som t.d. Hurrungane har fått avslag.

### Vurdering av §4, jf. §48 i nml., om forvaltningsmyndigheita kan gje løyve:

Hurrungane er i forvaltningsplanen definert som ei sone med lite tilrettelegging (såkalla vernesone). Området står fram i stor grad som urørt og prega av lite forstyrningar. Dette er også villreinområdet. For villreinen har området hovudfunksjon som vinterbeite og simlene trekker vanlegvis ut av området i midten/sluttan av april mot kalvingsområda sørover. Bukkar står ofte att i området gjennom heile sommaren. Hekkelokalitetar for rovfugl er ikkje kartlagt grundig i området (§8 i nml.).

Tiltaket med filming med drone i 1 dag med flytid på inntil 2 timer har eit avgrensa omfang. Forstyrringa er mellombels og i den omsøkte perioden kan det vere mogleg å unngå forstyrring av villrein (§9 i nml.). Hovudutfordringa i Hurrungane og særleg for villreinen er summen av alle forstyrningar, inkludert folk på tur (§10 i nml.)

### Vurdering av om forvaltningsmyndigheita skal gje løyve etter den generelle dispensasjonsregelen i §4:

Forvaltningsplanen er ei opplisting av forvaltningspraksis som skal sikre likebehandling og gje ei retning på forvaltinga. Det er generelle køyreregler som må vurderast mot dei konkrete tiltaka.

I tidlegare saker har nasjonalparkstyret gjeve løyve til dronflyging der ein elles mest sannsynleg ville gjeve løyve til motorferdsel i samband med filming. I forvaltningsplanen står det retningslinjer om generell dispensasjonspraksis (kap 8.15.5):

- b) «*det vil vere vanskelegare å få dispensasjon til sone utan tilrettelegging og inngrep, ...»*
- h) «*løyve til transportoppdrag for mediaformål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/undervising som formål, bli gjeve. Reklamefilming skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmar o.l. ....»*

Bruk av drone i ein avgrensa periode er beste tekniske løysinga for å få bilete frå lufta per i dag. Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Det er likevel ei forstyrring som kan påverke både verneverdiar og folk på tur. Området er definert som ei som med lite tilrettelegging og skal ha ei så

lite nivå av forstyrring som mogleg. Sidan føremålet med dette tiltaket er å lage kulisse til underholdningsfilm, er det mogleg å finne alternative lokalitetar utanom verneområdet. For å halde sum-effekten av forstyrringar i Hurrungane så låg som mogleg (§10 i nml.) vert vurdert at forvaltningsmyndigheita ikkje skal gje løyve etter den generelle dispensasjonsregelen.

Tiltaket medfører ikkje miljøforringing, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant.

### **Konklusjon**

Ut ifrå ei vurdering av presedens og samla miljøbelastning kan ein ikkje tilrå dispensasjon for filming som ikkje har direkte tilknyting til området. Generell landskapsfilming kan føregå utanfor verneområde.

Arkivsaksnr: 2016/7976-3

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.12.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	14/2017	08.03.2017

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017-2020  
- Stikking av vinterløype Memurubu - Leirvassbu - Leirvassbu  
Fjellstue og Memurubu turisthytte**

**Forvaltar si innstilling**

Med heimel i verneforskrift for Jotunheimen § 3 pkt. 1.3.2. og 5.3.2 blir ordninga med kvisting av skiløype mellom Memurubu og Leirvassbu i samband med påskesesongen, vidareført på følgjande vilkår:

- Ordninga gjeld tilrettelegging av skiløype for påskesesongen, for perioden 2017-2020. Kvistinga kan starte inntil 2 veker før påske, for å ha tid til rekognosering for skredfarevurdering og kvisting av traséen i god tid før palmesøndag.
- Til kvistinga skal det nyttast kvist frå norske lauvtre. Bambuskvit eller merke av kunstmateriale er det ikkje høve til å nytte.
- SNO v/ Rigmor Solem (mob. 959 65 158) / fjelloppsynet skal varslast seinast dagen før kjøring med snøscooter, og det må varslast kven som skal stå for kvistearbeidet.
- Dersom det blir gjort registreringar som tilseier at ferdsel i området kan medføre skader eller ulemper for naturmiljøet, kan Nasjonalparkstyret ta saka opp til ny vurdering. Dette vil i så fall skje i nær dialog med tiltakshavarane.

Det er ein føresetnad at tilrettelegginga blir gjort etter konkret vurdering av skredfare ut ifrå til kvar tid gjeldande snøforhold. Utfordringa her er først og fremst tryggleiken i området, men dette ligg utanom nasjonalparkstyret sitt ansvarsområde, og må såleis byggje på tiltakshavar si generelle vurdering av tryggleik ved ferdsel i vinterfjellet.»

Dersom ingen av partane tek opp spørsmål om endringar i vilkår ved utløp av dispensasjonsperioden, blir ordninga automatisk forlenga for eitt år om gongen.

## Saksopplysningar

### Dokument i saka

1. Søknad av 30.11.2016 frå Leirvassbu om vidareføring av løyve til vinterstikking
2. Sak 18/2014 i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, med tilhøyrande bakgrunnsdokument og vurderingar.

Leirvassbu og Memurubu har frå 2013 hatt løyve til stikking av vinterløype. Ole Jacob Grindvold ved Leirvassbu Fjellstue ved e-post 20.11.16 søkt om vidareføring:

«Dette er fortsatt aktuelt for oss. Vi ser en økende bruk av løypa, både mellom Memurubu og Olavsbu /(Fondsbu) og Leirvassbu.

Løypa er også viktig når overvann på Gjende gjør det vanskelig å ferdes der.

Løypa er nå også merket som vinterløype på turkart for Jotunheimen Øst.

Vi søker dermed for fortsatt løyve til å stikke løypa med samme forutsetninger gitt tidligere.»

Nasjonalparkstyret gjorde i sak 18/2014 vedtak om slik løyve for 2014-16:

«Med heimel i verneforskrifta pkt. 1.3.2. og 5.3.2 blir det opna for kvisting av skiløype mellom Memurubu og Leirvassbu i samband med påskesesongen, på følgjande vilkår:

- Ordninga gjeld tilrettelegging av skiløype for påskesesongen, for perioden 2014-2016. Kvistinga kan starte inntil 2 veker før påske, for å ha tid til rekognosering for skredfarevurdering og kvisting av traséen i god tid før palmesøndag.
- Til kvistinga skal det nyttast kvist frå norske lauvtre. Bambuskist eller merke av kunstmateriale er det ikkje høve til å nytte.
- SNO v/ Rigmor Solem (mob. 959 65 158) / fjelloppsynet skal varslast seinast dagen før kjøring med snøscooter, og det må varslast kven som skal stå for kvistearbeidet. Det er positivt at lokalt hjelpekorps vert involvert i arbeidet.
- Dersom det blir gjort registreringar som tilseier at ferdsl i området kan medføre skader eller ulepper for naturmiljøet, kan Nasjonalparkstyret ta saka opp til ny vurdering. Dette vil i så fall skje i nær dialog med tiltakshavarane.

Det er ein føresetnad at tilrettelegginga blir gjort etter konkret vurdering av skredfare ut ifrå til kvar tid gjeldande snøforhold. Utfordringa her er først og fremst tryggleiken i området, men dette ligg utanom nasjonalparkstyret sitt ansvarsområde, og må såleis byggje på tiltakshavar si generelle vurdering av tryggleik ved ferdsl i vinterfjellet.»

## Vurdering

Nasjonalparkstyret skal vurdere søknaden i høve til verneforskrift og forvaltningsplan.

### Verneforskrift

Forvaltningsstyremakta kan i medhald av pkt.1.3.2 gje løyve til:

Merking av ei rimeleg mengd turistruter og -løyper og oppsetjing av vegvisarar når det skjer på ein måte som ikkje verkar skjemmande eller dominerande i terrenget.

Vidare kan det gjevast løyve til motorferdsel i samband med:

5.3.3. Køyring for utføring av sikringstiltak, t.d. merking av løyper.

### Forvaltningsplan

Utdrag av retningsliner i utkast til forvaltningsplan: "Det er ikkje ønskjeleg å ha kvista skiløyper spreidd over heile området. Nokre område bør vere utan slik tilrettelegging på grunn av den opplevingsverdien urørt område gjev. Ein hovudregel bør vere at dei kvista skiløypene i hovudsak skal følgje sommarrutene, men med tillempingar m.o.t. tryggleiken". - - -

«Då bruken av snøskuter til kvisting av løyper har eit stort omfang, skal varslingsrutinane og kontakten mellom oppdragsgjevarar, dei som utfører dette arbeidet og forvaltningsstyresmakta vere god. Som hovudregel skal kvisting kombinerast med anna oppsyns- eller tilsynsarbeid i

*nasjonalparken. Samordning av fleire oppgåver gjev totalt sett mindre motorferdsel. Det er viktig å involvere dei lokale hjelpekorpsmannskapa i arbeidet med kvisting. Dette vil bidra til å auke lokalkjennskapen til redningsmannskapa i hjelpekorpsa og gjere at det er mindre behov for kjentmannskøyring.»*

Etter søknad frå dei to turistbedriftene gjorde Arbeidsutvalet for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre i sak 7/2013 vedtak om løyve til motorferdsel og kvisting av skiløype mellom Memurubu og Leirvassbu som ei prøveordning for påska 2013, med evaluering før ein evt. opnar for tilsvarande merking komande år. Det vart sett som føresetnad at tilrettelegginga blir gjort etter konkret vurdering av skredfare ut ifrå til kvar tid gjeldande snøforhold. Det vart peika på at utfordringa først og fremst var knytt til tryggleiken ved ferdsel i området, men at dette ligg utanom nasjonalparkstyret sitt ansvarsområde, og såleis må byggje på tiltakshavar si generelle vurdering av tryggleik ved ferdsel i vinterfjellet. Ordninga vart vidareført for treårsperioden 2014-2016, og forvaltninga har ikkje registrert negative verknader eller tilbakemeldingar.

Det blir vist til vurderingar gjort i sak AU-7/2013, og styresak 18/2014.

Utdrag av vurderingane som vart gjort:

«Etter prinsippa DNT følgjer ved stikking av vinterløyper blir det m.a. lagt til grunn at rutene ikkje skal leggjast slik at skituristane kan bli leia inn i farleg område dersom kvistane vert borte. Tidsavgrensing vil vera naturleg, da det er eit usikkert område med varierande grad av skredfare avhengig av snøforholda. Det er nær uråd å gardere seg mot skredhendingar etter alle skiløyper i eit område som Jotunheimen. Sjølv på tradisjonelle nyttar trasear kan det enkelte år oppstå forhold som gjer at skredfare *kan* oppstå, så ein må heile tida vise til den generelle aktsemda som kvar enkelt må følgje ved ferdsel i høgfjellet under varierande vær- og føreforhold.

Etter synfaring i mars 2012 gav fjelloppsynet slik tilbakemelding til daverande sekretariat: «*Vedlagt sender eg bilde av den omsøkte vinterruta frå Memurudalen til Storådalen over Hinnåtetjernet. Bilda er tekne av oppstigninga frå Hinnåtetjernet til ryggen mot Semmelholet, som er den "farlege" strekninga av ruta. Albert Lunde var med meg og tok målingar av hellingssgraden. Vi vurderte det som sikkert for skred dersom ruta vert lagt som innteikna på bilda. Problemet vil vera at turgåarane ganske sikkert vil avvike frå ruta og nokså lett kunne kjøre inn i rasfarleg område. På ryggen var det snøberrt ei lita strekning. Snøen var avblåst, for til vanleg er det så vidt samanhangande snøføre her.*»

Eitt av bileta omtala i teksten over er vist her:



Det kan vera vanskeleg å sikre at stikkinga vil følgje den eksakte tilrådinga, og heilt uråd å hindre at skituristane tek snarvegar eller går ut av den tilrådde traseen og kjem over i mindre sikkert område. Dei som renner nedover vil også ofte velja si eiga løype, dersom den markerte løypa er isete/sporete, eller dersom ein ser artigare alternativ.

Det er ikkje innan ansvarsområdet for nasjonalparkforvaltninga å vurdere tryggleiken av alle løypetrasear som er godkjent i medhald av verneforskrift og forvaltningsplan, til kvar tid med varierande snø- og føreforhold. Ein prøver likevel å ha med dette aspektet som ein del av vurderinga så langt som praktisk råd. Traseen synest ligge slik at den krev vurdering i høve til skredfare heilt opp mot tidspunkt for tilrettelegging. Eit eventuelt løyve til stikking bør såleis gjevest med vilkår om kontinuerleg vurdering av skredfare og ansvar for stenging eller åtvaring mot å bruke traseen dersom snøforholda endrar seg vesentleg i løpet av sesongen.»

Samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- Kunnskapsgrunnlaget når det gjeld naturmangfald (§ 8) er gjeve gjennom bakgrunnsdokument til forvaltningsplan og erfaringsbasert kunnskap samla av fjelloppsyn og forvaltning over fleire år. Av omsyn til sårbare artar er det viktig å unngå nærføring til moglege hekkelokalitetar for rovfugl.
- Føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområde, men avgrensa ferdsel over eit kort tidsrom i mars/april vert ikkje vurdert å gje vesentlege negative konsekvensar. Påverknaden vil i hovudsak gjelde støy i eit avgrensa tidsrom. Trafikken set ingen varige spor, og kjem ikkje direkte inn på registrerte yngle-/hekkelokalitetar for sårbare artar. Men tilrettelegging for ferdsel vil leie fleire inn i området, og kan medføre forstyrring ut over det merka løypeområdet. Utviklinga i ferdsel må derfor følgjast nøy.
- Etter § 10 “Økosystemtilnærming og samlet belastning” skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrring, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Tiltaket er sterkt avgrensa i tid og rom, og må sjåast i samanheng med at Jotunheimen er ein brukspark med stor friluftslivsaktivitet. Ein kan derfor sjå behov for ei merking når ein registrerer at skituristane uansett vil ta seg fram etter denne ruta. Den samla belastninga av motorferdsel i denne delen av nasjonalparken ligg på eit lågt nivå, og forvaltningsstyresmakta har høve til å avgrense omfanget av kvista løyper til eit nivå med akseptabel samla belastning. Eit eventuelt samarbeid med lokalt hjelpekorps kan bidra til størst mogleg grad av samordning for å redusere total motorferdsel til eit minimum.
- § 11 om at «kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver» er ikkje relevant.
- § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Kvisting utan bruk av snøscooter er lite realistisk, og vert vurdert som uaktuelt.

Det er etter ei samla vurdering etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 ikkje avdekt kjente forhold knytt til verneverdiar som talar mot stikking av vinterløype frå Storådalen over Hinnonetjønn og ned til Memurubu, under føresetnad av at løypa blir lagt slik at ein unngår nærføring til aktuelle hekkelokalitetar. Det blir sett vilkår knytt til val av trase.

Ein manglar framleis tilfredsstillande dokumentasjon og sårbarheitsvurdering når det gjeld ferdsel i område der ein har t.d.hekking av sårbare rovfuglartar. I samband med utvikling av besøksstrategien for Jotunheimen vil ein arbeide for eit betre kunnskapsgrunnlag på dette området. Dersom ny kunnskap tilseier at området bør skjermast, må ein ta atterhald om at saka må kunne takast om til ny vurdering.

Når det gjeld tryggleiken må det vera ein føresetnad at tiltakshavarane etablerer tett dialog med skredkyndige for å vurdere skredfaren i området når påska nærmar seg. Traseen må stikkast slik at ein ikkje kjem for langt ut til sidene frå leia som er vist på biletet (det er på biletet frå synfaring 23.03.12 antyda eit svingmønster der ein kan ta stigninga utan å koma for langt ut mot nokon av sidene). Ein legg til grunn at bedriftene følgjer opp med informasjon til gjester om den generelle aktsemada som kvar enkelt må følgje ved ferdsel i høgfjellet.

Det blir understreka at Nasjonalparkstyret si myndighet er avgrensa til forhold heimla i verneforskrifta. Tryggleik knytt til tilrettelegginga må vurderast ut ifrå generelle krav til aktsemd, og er eit forhold som ligg utanom verneområdestyret si kompetanse og myndighet.

Arkivsaksnr: 2017/805-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 01.03.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	15/2017	08.03.2017

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Til Topps 2017 - Tur mot Galdhøpiggen - Norges Røde kors m.fl.**

Vedlegg:

- 1 Signert søknad fylkesmannen i Oppland 2017

**Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret ser positivt på at eit slik arrangement blir lagt til Jotunheimen, da det kan gje nye brukarar av nasjonalparken gode naturopplevelingar, og leggje til rette for auka kunnskap og forståing for naturvern. Arrangementet er lagt til eit område av parken med relativt høg grad av tilrettelegging og er definert som brukssone i gjeldande forvaltningsplan. Under føresetnad av at turane blir lagt til etablerte stigar og at det er høgt fokus på ferdselsvett og tiltak mot forsøpling, vil ikkje arrangementet vera i strid med vernereglane.

Arrangementet «*Til Topps*» blir ikkje vurdert å vera i strid med vernereglane – jf. § 3 punkt 5.2 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, og kan derfor gjennomførast som eit fast årleg arrangement frå og med 2017 på følgjande vilkår:

- Nasjonalparkforvaltninga skal varslast om planlagt arrangementsdato innan 1. februar kvart år. Dataar i 2017 er 30. juni og 1. juli.
- Turane i arrangementet skal i størst mogleg grad følgje etablerte stigar og merka ruter i området, og turleiarane skal bidra med informasjon om omsynsfull ferdsel i naturen.
- Arrangøren skal sørge for at deltakarane får god informasjon om vernereglar for nasjonalparken på førehånd. Her skal det særleg leggjast vekt på forbod mot forsøpling og at alt søppel må takast med ut av området av den enkelte. Vidare er det viktig å understreke at vilt som måtte finnast i området ikkje skal uroast unødig.
- Nasjonalparkstyret legg til grunn at det via nettsida [www.tiltopp.no](http://www.tiltopp.no) og eventuelt utsendt materiale til deltakarane blir informert om at turane til Galdhøpiggen og Svellnosbreen også er eit besøk i Jotunheimen nasjonalpark.
- Nasjonalparkforvaltninga stiller gjerne opp med informasjon under arrangementet.
- Det skal innan 15. juli kvart år sendast ein enkel rapport frå arrangementet, med opplysning om talet på deltakarar, omtrentleg fordeling på dei ulike turalternativa, orientering om kva informasjon deltakarane har fått om nasjonalparken, og eventuelle

opplysningar om uføresette hendingar eller andre forhold av interesse.  
Rapporten skal sendast til Nasjonalparkstyret v/ nasjonalparkforvaltar  
[fmopksv@fylkesmannen.no](mailto:fmopksv@fylkesmannen.no)

Dispensasjonen kan takast opp til revisjon dersom utviklinga i arrangementet tilseier at ein må justere vilkåra av omsyn til verneverdiane.  
Retningslinjer for arrangement blir innarbeidd i forvaltningsplanen.

## Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad av 17.01.2017
- Dokument knytt til tidlegare års arrangement

Norges Røde Kors har ved brev av 17.01.17 sendt søknad om løyve til arrangement av «Til Topps 2017». Dette er eit integreringsprosjekt i samarbeid mellom Norges Røde Kors, Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi), Kommunenes organisasjon (KS) og Den Norske Turistforening. Det er lokalt samarbeid med Spiterstulen, Juvasshytta, Lom kommune og Røde Kors i forhold til fasilitetar, beredskap og logistikk. Til Topps vart første gongen arrangert i 2007, og har sidan vore eit årleg arrangement. Rundt 10.000 personar har vore med på desse turane til nå. Arrangørane viser til positive tilbakemeldingar frå deltakarar og lokale samarbeidspartar, og framhevar at dei legg vekt på sikkerheit, natur- og miljøomsyn.

Til Topps 2017 er planlagt gjennomført over to dagar frå 30 juni til 1. juli, med kulturfest og ulike turalternativ i Lom og Jotunheimen 30/6-1/7, jf. vedlagt søknad.

Tidlegare løyve frå nasjonalparkstyret er gjeve med følgjande ordlyd:

«Nasjonalparkstyret ser positivt på at eit slik arrangement blir lagt til Jotunheimen, da det kan gje nye brukarar av nasjonalparken gode naturopplevingar, og legge til rette for auka kunnskap og forståing for naturvern blant deltakarane. Arrangementet er lagt til eit område av parken med relativt høg grad av tilrettelegging og er definert som brukssone i gjeldande forvaltningsplan.

Under føresetnad av at turane blir lagt til etablerte stigar og at det er høgt fokus på ferdselsvett og tiltak mot forsøpling, vil ikkje arrangementet vera i strid med vernereglane.

Arrangementet «Til Topps» blir ikkje vurdert å vera i strid med vernereglane – jf. § 3 punkt 6.2 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, og kan derfor gjennomførast i dagane 6.-7. juni 2014 på følgjande vilkår:

- Turane i arrangementet skal i størst mogleg grad følgje etablerte stigar og merka ruter i området.
- Arrangøren skal sørge for at deltakarane får god informasjon om verneregler for nasjonalparken på førehand. Her skal det særleg leggjast vekt på forbod mot forsøpling og at alt søppel må takast med ut av området av den enkelte. Vidare er det viktig å understreke at vilt som måtte finnast i området ikkje skal uroast unødig.
- Nasjonalparkstyret ber om at det via nettsida [www.tiltopps.no](http://www.tiltopps.no) og eventuelt utsendt materiale til deltakarane blir informert om at turane til Galdhøpiggen og Sveinlosbreen også er eit besøk i Jotunheimen nasjonalpark.
- Nasjonalparkforvaltinga stiller gjerne opp med informasjonsstand på kulturfesten.

Det skal innan 1. juli 2014 sendast ein enkel rapport frå arrangementet, med orientering om kva informasjon deltakarane får om nasjonalparken, opplysning om talet på deltakarar, omtrentleg fordeling på dei ulike turalternativa og eventuelle opplysningar om uføresette hendingar eller andre forhold av interesse. Rapporten skal sendast til Nasjonalparkstyret v/ Nasjonalparkforvaltar Kari Sveen»

Både Fylkesmannen, som tidlegare forvaltningsstyremakt, og styret har sett vilkår om enkel rapportering etter arrangementet. Ein kan ikkje sjå at dette har vorte følgd opp av arrangøren.

## Vurdering

Tiltaket skal vurderast etter verneforskrift, forvaltningsplan og naturmangfaldlova. Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.2 – *Organisert ferdsel* – har følgjande ordlyd: «*Organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, eller ferdselsformer som kan skade naturmiljøet, må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Forvaltningsplanen skal avklare kva for ferdsel som krev løyve.»*

Så lenge deltakarane held seg til merka stigar/løyper i området, har ein vurdert det slik at arrangementet ikkje vil ha negative konsekvensar på naturmiljøet, og at det såleis ikkje er i konflikt med verken verneformål eller verneregler.

Vurdering etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av områda rundt Galdhøpiggen og Visdalens er godt. Visdalens har eit rikt planteliv og leveområde for småvilt, men det er ikkje registrert særskilt sårbare artar som gjer at ein bør unngå ferdsel.
- Etter føre-var-prinsippet (§ 9) vert det sett vilkår om at ein i størst mogleg grad skal følgje etablerte stiar/løyper.
- Etter § 10 “Økosystemtilnærming og samlet belastning” skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrring, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Arrangementet opnar for at flest mogleg får oppleve det enkle friluftslivet i tråd med norske tradisjonar. Arrangementet er lagt til ein brukssone med tilrettelegging for friluftsliv, og skil seg ikkje frå annan fotturisme bortsett frå at det er svært mange samla på ei helg.
- § 11 om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er ikkje relevant.
- § 12 *Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode*: Det er ikkje lagt opp til motorferdsel, og regelen vert ikkje vurdert som relevant i denne saka.

Galdhøpiggen og Svellnosbreen ligg innan **Jotunheimen nasjonalpark**. For deltakarane på desse turane er det viktig å informere om at dei ferda i nasjonalpark. Det er i tidlegare løyve sett som vilkår at deltakarane skal informerast om dette, og dette er nå løyst gjennom enkel og tydeleg informasjon på nettsida om at nokre av turane går i nasjonalpark. <https://www.rodekors.no/tiltopps>

«*Til Topps 2017*» er eit arrangement som fremmar det enkle friluftslivet. Arrangementet har vore gjennomført fleire år, og det er ikkje registrert negative reaksjonar.

Forvaltarane ser det som positivt at eit slik arrangement blir lagt til Jotunheimen, da det kan gje nye brukarar av nasjonalparken gode naturopplevelingar, og leggje til rette for auka kunnskap og forståing for naturvern hos deltakarane. Arrangementet kan samtidig bidra til positiv profilering av området. Det er ein fordel at arrangement av slik omfang blir lagt til periodar utanom den tida på sommaren som det er størst utfart, og ut ifrå dette omsynet er juni ein gunstig månad. Samtidig er dette ei tid på året da dyre- og fuglelivet er sårbart. Vi oppfordrar derfor til at turane blir kanalisert til eksisterande stignett, og at deltakarane blir informert om vernereglane som gjeld for nasjonalparken i forkant av arrangementet. Dette gjelder m.a. at det er strenge regler mot forsøpling i nasjonalparken, og at det ikkje er renovasjonsordning innan parken. Alt søppel må

derfor takast med ut av området av den enkelte. Vidare er det viktig å understreke at fuglar og dyr som måtte finnast i området ikkje skal uroast unødig.

Arrangementet har vore gjennomført i 10 år, og det synest unødvendig å søkje på nytt for kvart år. Det blir tilrådd automatisk forlenging for eitt år om gongen, mot varsling om arrangementsdato i god tid før gjennomføring og enkel rapportering etter kvar sesong.

**Konklusjon:**

Det er positivt at eit slik arrangement blir lagt til Jotunheimen, da det kan gje nye brukarar av nasjonalparken gode naturopplevelingar, og leggje til rette for auka kunnskap og forståing for naturvern hos deltakarane. Arrangementet er lagt til eit område av parken med relativt høg grad av tilrettelegging med merka stigar, og innan det som er definert som brukssone i gjeldande forvaltningsplan. Under føresetnad av at turane blir lagt til etablerte stigar og at det er høgt fokus på ferdselsvett og tiltak mot forsøpling, vil ikkje arrangementet vera i strid med vernereglane eller gå ut over verneverdiane.

**Fylkesmannen i Oppland**

Sigurd Tremoen  
Postboks 987  
2626 Lillehammer

**Avd./DK**  
Nasjonal avdeling for omsorgsfag

Deres ref.

Vår ref. krimac

Dato: 26.jan 2017


**"Til Topps" – tur mot Galdhøpiggen, fredag 30.juni og lørdag 1. juli 2017**

Norges Røde Kors, Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi), Kommunenes Organisasjon (KS) og Den Norske Turistforening (DNT) samarbeider om ulike tiltak for integrering i Norge. I 2007 gjennomførte vi Til Topps for første gang med nær 1000 deltagere fra hele landet. Til Topps har siden etablert seg som Norges sprekreste og største integreringsarrangement og til sammen har rundt 10 000 mennesker vært med oss på tur. Tilbakemeldinger fra deltagere og lokale samarbeidspartnere er veldig positive. Sikkerhet, natur- og miljøhensyn blir godt ivaretatt.

Nå planlegger vi å gjennomføre Til Topps 2017. Arrangementet er for alle som er interessert i integrering og mangfold. Vi har et ønske om at mange turlagde mennesker skal kunne delta på arrangementet, som går over to dager, 30.juni og 1. juli 2017. Kommuner, innvandrerorganisasjoner og lokale Røde Kors-foreninger organiserer lokal turtrening og andre forberedelser i tiden frem til arrangementet.

Til Topps samarbeider med Spiterstulen, Juvasshytta, Lom kommune og Røde Kors-foreningene i lokalområdet i forhold til å benytte fasiliteter, beredskap og logistikk. Vi vil også denne gang legge vekt på viktigheten av å ta vare på natur- og friluftsinteressene i området og vil stille strenge krav til at deltagere unngår å kaste fra seg søppel og annet i naturen uvedkommende i området. Vi akter å forlate stedet minst like pent som da vi kom. Det vil ikke være motorferdsel i området i tilknytning til vårt arrangement. Arrangementet tilbyr flere turalternativer i Lom og Galdhøpiggen-området, blant annet fisketur og barneaktiviteter. For utfyllende informasjon, kontakt prosjektleder Kristin MacBeath, tlf. 92840660 eller Kristin.macbeath@redcross.no

Norges Røde Kors i samarbeid med IMDi, KS og DNT søker med dette om nødvendige tillatelser til å gjennomføre arrangementet i naturområdet, innenfor de oppgitte rammene.

**Med vennlig hilsen**

Bernt G. Apeland

Generalsekretær

Norges Røde Kors

**Post:** Postboks 1 Gronland, 0133 N-Oslo  
**besøk:** Hausmannsgt. 7, OSLO  
**Fakturering:** Norges Røde Kors,  
Postboks 2967, 7438 Trondheim

**Tlf:** +47 05003  
**Faks:** +47 22054040  
**Web:** [www.redcross.no](http://www.redcross.no)  
**E-post:** [post@redcross.no](mailto:post@redcross.no)

**Bank:** 8200 01 76318  
**Post:** 0809 50 90444  
**Org.nr:** 864 139 442

